

Askvoll kommune
Askvollvegen 426A
6980 Askvoll

01.10.2024

Sunnfjord Miljøverk
Kloppstadvegen 310
6815 Førde

Høyringsnotat: Innføring av rettferdig betalingsmodell for renovasjonstenester i Sunnfjord Miljøverk

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) hadde styremøte 24. september 2024. Der blei det vedteke at «Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS gjev administrasjonen løyve til å gå vidare med framlagt gebyrmodell som den ligg føre».

I samband med det, vil vi sende ut to forslag til betalingsmodell ut på høyring i kommunane. Det er altså **alternativ 1** som vi skisserer nedanfor her, som SUM ønsker å gå vidare med.

Vi vil presisere at det er representantskapet i SUM som skal vedta endeleg betalingsmodell. Frist for høyringa er **18. oktober 2024**.

Gjennom EØS-avtalen har Norge forplikta seg til EU sitt direktiv for sirkulærøkonomi. Den nye handlingsplanen skal endre både forbruksmønster og produksjonsmåtar. Handlingsplanen er ein del av EU sin grønne vekststrategi, *European green deal*. Målet er å gå frå lineær økonomi til sirkulær økonomi. I ein sirkulærøkonomi vil brukte produkt og ressursar, som i dag vert rekna som avfall, bli ført tilbake til verdikjeda. Då vil vi kunne nytte produkta og ressursane meir enn ein gong.

EU- sitt rammedirektiv om avfall sett følgande mål til førebuing om ombruk og materialgjenvinning av hushaldsavfall og hushaldsliknande avfall frå næringslivet:

- 55 prosent innan 2025
- 60 prosent innan 2030
- 65 prosent innan 2035

Sunnfjord Miljøverk (SUM) jobbar for å møte EU sine krav om 65 % materialgjenvinning innan 2035. I dag har vi ein utsorteringsgrad på 28 %.

Alternativ 1) – Rettferdig betalingsmodell

For å nå målet på 65 %, samtidig som vi sikrar økonomisk berekraft, foreslår vi å innføre ein «rettferdig betalingsmodell» basert på prinsippet «pay as you throw». Abonentar betalar eit fast grunnbeløp, og deretter ein fast sum kvar gong dei set fram restavfallet for tømning. Henting av matavfall, plast, papp og papir er inkludert i grunnprisen, og kunden kan sette dette fram for tømning så ofte dei vil utan ekstra kostnad. Tanken er at dette skal stimulere til betre sortering og avfallsreduksjon.

Dersom denne betalingsmodellen skal fungere, ser vi oss nøydde til å innføre betaling på gjenvinningsstasjonane våre. Vi vil presisere at abonnentane allereie betalar for desse tenestene via renovasjonsgebyret. Det har altså ikkje vore “gratis” å levere avfall tidlegare. Den nye betalingsmodellen sikrar at dei som brukar gjenvinningsstasjonane mest, bidreg mest til kostnadene knytt til handteringa av avfallet.

Kvifor rettferdig betalingsmodell?

1. Økonomiske insentiv for avfallsreduksjon og sortering

Ved å innføre eit gebyr for kvar gong restavfall blir sett fram, vil abonnentar bli motiverte til å redusere restavfallet sitt og sortere betre. Dette gjev ikkje berre miljøgevinst, men gjev også abonnentane direkte økonomiske fordelar ved å redusere eigne renovasjonskostnadar. Matavfall og resirkulerbart avfall (plast, papp/papir og glas- og metalleballasje) vil vere inkludert i grunnbeløpet, slik at dei som sorterer godt, betalar mindre. Også betaling på gjenvinningsstasjonen vil bli oppfatta som meir rettferdig, fordi dei som brukar den mest, betalar mest. Det vil ikkje koste ekstra å levere farleg avfall, metall og hageavfall på gjenvinningsstasjonane. Farleg avfall er vi pliktige til å ta i mot vederlagsfritt, metall får vi betalt for og hageavfall vert nytta internt på hovudanlegget.

2. Rettferdig fordeling av kostnadar

Modellen reflekterer kor mykje avfall kvar abonnent produserer. I staden for at alle betalar likt, uavhengig av avfallsmengde, vil dei som produserer meir restavfall også bidra meir til å dekke kostnadene for renovasjonstenestene. Dette oppfatar vi som ei meir rettferdig ordning, som legg til rette for at abonnentar kan påverke eigne kostnadar gjennom betre avfallsreduksjon.

3. Effektiv sortering reduserer kostnader og klimautslepp

Det aller meste av avfallet vi får inn til oss, skal transporterast vidare for handsaming. Når avfall er betre sortert, kan større mengder materialgjenvinnast, noko som fører til lågare handsamingskostnader. Restavfall, som ikkje kan gjenvinnast, er spesielt kostbart å handtere grunna høg CO₂-avgift. Denne avgifta er venta å auke i tida framover, noko som vil føre til endå høgare kostnader dersom vi ikkje klarer å redusere mengda restavfall. Ved å sortere ut mest mogleg av materiala før avfallet går til rest, kan vi redusere klimagassutsleppa og samstundes unngå unødvendig auke i betalingsgebyra for abonnentane.

Er modellen så rettferdig?

Vi forstår at modellen kan slå hardt ut mot enkelte grupper i samfunnet, til dømes småbarnsfamiliar med tanke på bleiebruk og mengda restavfall dei genererer. Likevel om modellen kan verke urettferdig mot enkelte grupper, kan vi ikkje frita eller setje ned avfallsgebyret ut ifrå sosiale omsyn, jf. Miljødirektoratet sin «*Veileder for beregning av kommunale avfallsgebyr*», kapittel 4.3.5. Alle abonnentar må betale for restavfallet dei set fram. Vi oppfordrar likevel til auka fokus på avfallsreduksjon og sortering av andre avfallsfraksjonar for å minimere dei totale renovasjonskostnadane for hushalda.


Prisar

Den nye gebyrmodellen vil framleis vere underlagt sjølvkostregelverket. Det vil seie at vi som renovasjonsselskap ikkje kan tene pengar på tenestene vi tilbyr. Inntektene vi får frå kundane skal berre dekke kostnadane ved å drive tenestene våre, som henting, sortering, transport og handsaming av avfall. Eventuelt overskot skal vi bruke til å redusere framtidige gebyr, og underskot må dekkast over ei tid.

Grunnprisen vil vere 3500 kroner (inkl. mva), som er det minste ein kan betale dersom dunken aldri vert sett fram. Dersom kunden flittig set fram dunken sin kvar gong, må vedkommande betale 6100 kroner i året for renovasjonstenesta. Pris for å sette fram dunken er 100 kroner per gong (inkl. mva). Vi har estimert at snittet på tømningar blir 11 gongar i året. For dei som er flinke til å sortere, vil prisen bli om lag det same som den er i 2024.

For personar som bur i burettslag eller andre stadar der det er felles løysingar, vil fastprisen ligge på kr 4 900 kr inkl. mva i 2025. Vidare vil dei betale 20 kroner per lukeopning for å kaste restavfallet sitt. I tillegg vil det bli eit gebyr på årleg vedlikehald av dei nedgravde anlegga.






Den nye prismodellen vil sjå slik ut:



Betaling på gjenvinningsstasjonane

Vi har valt ein enkel prismodell for å gjere det enkelt for brukarane av løysinga. Ein positiv konsekvens av innføring av betaling på gjenvinningsstasjonar, er at fleire kanskje samlar opp ein full hengar eller varebil før dei kjem til oss. Det er miljøgevinst i det øg.

Frå 1. januar 2025 vil vi innføre følgjande prisar på gjenvinningsstasjonane våre:

Pris per levering (inkl. mva)	
	250 kr
	350 kr
	350 kr
	400 kr
Pris per tonn (inkl. mva)	
	2200 kr

Alternativ 2) Alternativ til endring av betalingsmodell

Sunnfjord Miljøverk er ikkje nøydde til å endre betalingsmodell, men vi er nøydde til å auke inntektene for å balansere sjølvkostfondet over ein femårsperiode, jf. *Utgreiing til høyringsnotat - Innføring rettferdig betalingsmodell 2025*, kapittel 8.2.

Eit alternativ til innføring av rettferdig betalingsmodell er å auke satsane i dagens gebyrmodell. Dette vil bety at alle hushald betaler meir, uavhengig av kor mykje avfall dei produserer. Sjølv om dette er enklare å administrere på kort sikt, vil det ikkje oppmuntre til betre sortering eller avfallsreduksjon. Å auke gebyra for alle kan også opplevast som mindre rettferdig, sidan det ikkje tek omsyn til dei som allereie jobbar for å redusere avfallsmengdene sine.

Dersom vi går for alternativ 2, vil satsane sjå slik ut:

- Fastpris ordinært gebyr for private hushaldningar

Totalpris: kr. 5632,-.

Auke: kr. 1078,

- Fastpris ordinært gebyr for fritidsbustadar:

Totalpris: kr. 1684,-

Auke: kr. 359,

I dette alternativet vil vi ikkje innføre betaling på gjenvinningsstasjonar for privatkundar, men halde fram med dagens ordning.

Dersom vi aukar gebyret til satsane nemnd ovanfor, får vi eit totalt inntektsnivå som er likt alternativ 1. Vi får med andre ord inn inntektene vi har behov for, men dette alternativet vil ikkje stimulere til endringar i avfallsvanar og er ikkje eit langsiktig berekraftig alternativ.

Konklusjon

Den enkelte husstand er underlagt sjølvkostprinsippet, som betyr at kostnadane for innsamling og handtering av avfall skal dekkast gjennom avfallsgebyr, jf. Ureiningslova §34 første ledd. Dette prinsippet byggjer på at den som ureinar, skal betale. Ureiningslova §34 andre ledd seier at «kommunen bør fastsette differensierte gebyr, der dette kan bidra til avfallsreduksjon og auka gjenvinning».

I ei høyring publisert 16. oktober 2023, tilrår Miljødirektoratet at ordlyden vert endra til: «Kommunane skal fastsette differensierte gebyr, der dette kan bidra til avfallsreduksjon, auka førebuing til ombruk og auka materialgjenvinning».

Denne tilrådinga sender sterke signal om kva retning avfallsgebyr vil ta i åra framover for avfallsselskap i Noreg.

Den rettferdige betalingsmodellen er eit viktig steg mot både økonomisk og miljømessig berekraft. Ved å gje abonnentane større ansvar for eiga avfallshandtering, sikrar vi rettferdig fordeling av kostnadane og legg til rette for betre sortering og reduksjon av avfallsmengda. Vi ønskjer eit nært samarbeid med kommunane for å sikre ei smidig og vellukka innføring av denne modellen.

Med helsing

Tore Dvergsdal

Dagleg leiar

Sunnfjord Miljøverk

